

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 09.04.2014

Landskonferansen for fylkeseldreråd vert heldt i Drammen 20.-22. mai. Prisen ligg på 4150 kr per person, i tillegg til reise. Påmeldingsfristen er 2. mai. Jette Lunemann Hansen har ikkje moglegheit til å delta.

Busstopp ved Ulset sjukeheim: Nils E. Grude frå Transportplanseksjonen orienterte fylkeseldrerådet om situasjonen. Stedet som det kommunale eldrerådet ønskjer å bruke til busstopp fyllar ikkje Statens Vegvesen sine krav til busstopp, og det er derfor ikkje mogleg å sette opp eit busstoppskilt der per i dag. Når det gjeld kva busstopp som vert oppført og rehabilitert er dette ein prioriteringsliste som vert gjort for heile fylket. Statens Vegvesen tilrår ikkje at dette stoppet vert prioritert høgt på denne listen. Grude sa at det var ein moglegheit for å kunne få dei naudsynte midlane frå Bergensprogrammet, men det krev ein einigheit mellom Bergen kommune, Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Samferdselsavdelinga i fylkeskommunen vil svare eldrerådet i Bergen.

Vedtak

Landskonferansen for fylkeseldreråd: Fylkeseldrerådet vedtek at heile rådet, unntatt Lunemann Hansen, vert påmeldt til konferansen og at alle reiser med billigaste reisemåte.

Busstopp ved Ulset sjukeheim: Sjå sak PS 12/14.